



Arkivnr: 2015/11453-53
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------------------|--------|------------|
| Hordaland fagskulestyre | | 02.11.2016 |

Uttale til sak om ny lokalisering av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg vgs

Samandrag

04.10.2016 gjorde Fylkestinget følgjande vedtak om fagskulen i sak PS 72/2016 Rullering av skulebruksplanen 2017- 2030:

«Den vedtekne samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskolen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime vgs lokalisert ved dagens Laksevåg vgs. Rådmannen sitt alt. 2 ved Laksevåg vgs vert tilpassa dette.

Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.»

Basert på dette vedtaket vil Hordaland fagskulestyre gje ein uttale til saka som vert handsama i Fylkestinget i desember, der det vert peika på viktige betraktningar i høve til plassering og drift av fagskulen.

Forslag til vedtak

Uttale til sak om ny lokalisering av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg vert vedteken slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.10.2016

Bakgrunn

04.10.2016 gjorde Fylkestinget følgjande vedtak om fagskulen i sak PS 72/2016 Rullering av skulebruksplanen 2017- 2030:

«Den vedtekne samanslåinga av fagskulane til den nye «Fagskulen i Hordaland», vert saman med Bergen maritime vgs lokalisert ved dagens Laksevåg vgs. Rådmannen sitt alt. 2 ved Laksevåg vgs vert tilpassa dette.

Rådmannen vert beden om å koma attende med ei eiga sak til fylkestinget i desember 2016.»

Dette er ei endring i høve til tidlegare vedtak i sak PS 64/2015 i Fylkestinget 13.10.2015 der følgjande vart vedteke:

1. «Fylkestinget vedtek at det vert arbeidd vidare med alternativet Nedre Nygård som framtidig lokalisering av Bergen tekniske fagskole og Bergen maritime fagskole.
2. Det må takast omsyn til at talet på fagskular skal reduserast frå 46 til under 10. Fagskolen i Hordaland bør ha som mål å styrka sin posisjon. Det må takast omsyn til ein framtidig vekst i talet på studentar ved Fagskolen i Hordaland.
3. Då fagskulen har stor søknad og fleire søkjarar ikkje i dag får tilbod grunna mangel på finansiering og plass, må det setjast av nok areal for å møta dette på sikt.
4. Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Nedre Nygård blir lagt til grunn at Hordaland Helsefagskole eventuelt kan samlokaliseras i same lokale.»

Vedtaket i Fylkestinget 13.10.2015 var ei oppfølging av tidlegare vedtak i samband med handsaming av skulebruksplanen i fylkestinget 12.03.2013, der følgjande vedtak vart gjort i sak PS 5/13:

«Fylkestinget vedtek ei administrativ samanslåing av fagskolane i Hordaland, til ein administrasjon for helsefagskolen og ein felles administrasjon for dei tekniske og maritime fagskolane. Fagskoletilboda vil framleis vere desentraliserte.

Vert finansieringsordninga på helsefag endra, vil fylkestinget vurdere å leggje alle fagskolane under ein administrasjon.»

I saka PS 5/13 vart det gjort greie for at dei to fagskulane skulle samlokaliseras i gamle Sjømannsskolen i Haugeveien 28. Av di dette er eit eldre og delvis freda bygg, vart det ikkje mogleg å få nok areal til begge skulane innanfor rimelege økonomiske rammer. På bakgrunn av dette vart det gjort følgjande vedtak i Opplærings- og helseutvalet 16.09.2014 i sak 50/2014:

Fagskulen

a) Det skal gjennomførast ei utgreiing av alternativ lokalisering for ein samla fagskule.

Som oppfølging av vedtak om samlokalisering av fagskulen til éin administrasjon vart følgjande vedtak fatta av Hordaland fagskulestyre 17.03.2016 i sak PS 12/2016:

1. «Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vert slått saman til éin fagskule 01.01.2017. Styret vil peika på at arbeidet med samlokalisering av fagskulane vert prioritert slik at dette kan gjennomførast snarast råd.
2. Den nye tekniske og maritime fagskulen vil heite Fagskolen i Hordaland.
3. Opplæringsavdelinga må gjere greie for:
 - Ressursbehovet i høve til personale knytt til omstillingsarbeidet.
 - Eventuelle behov for endringar i bygg og kostnader ved dette.
 - Eventuelle økonomiske konsekvensar ved splitting av drifta av fagskule og vidaregåande skule.
 - Lokasjon for den nye eininga og plassering av hovudadministrasjon».

Framtidig lokalisering av Fagskolen i Hordaland

Jamfør tidlegare vedtak og planar for Fagskolane i Hordaland er det viktig at det ved ei eventuell samlokalisering av den nye Fagskolen i Hordaland til Laksevåg vgs vert teke omsyn til at fagskulen er eit eige sjølvstendig skuleslag og ei eiga eining. Den nye Fagskolen i Hordaland som vert etablert 01.01.2017, vil vere ein rein fagskule utan administrativ samdrift med ein vidaregåande skule. Fagskolen i Hordaland vil ha studiestad både på Nordnes i Haugeveien og på Nedre Nygård der Bergen maritime vidaregåande skole og fagskole ligg i dag. I tillegg vil Fagskolen i Hordaland ha studiestad på Voss, Hjeltnes, Stord og i Austevoll. Hordaland helsefagskole, som også er ein del av den større paraplyen Fagskolane i Hordaland, har dette skuleåret all sin undervisningsaktivitet på Nordnes i Haugeveien der Bergen tekniske fagskole er lokalisert i dag.

Hordaland fagskulestyre har arbeidd aktivt for å styrka Fagskolane i Hordaland som skuleslag, og for å synleggjera fagskulen som ein utdanningsveg på nivået over vidaregåande skule. Som ein del av dette har det mellom anna vore viktig å styrka administrasjonen og fagmiljøa ved fagskulane, og samanslåinga til den nye Fagskolen i Hordaland vil skapa ein sterk administrasjon og sterke fagmiljø. Splittinga av fagskule og vidaregåande skule, samt den tidlegare vedtekte felles lokasjonen til Nedre Nygård, var også ein del av denne styrkinga. Dagens krav til å driva ein fagskule har blitt større, og ein vil oppleve enda strengare krav til dokumentasjon og kvalitet i framtida. Det er *Nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen* (NOKUT) som har tilsynsansvar for fagskular, og som godkjenner all fagskuleutdanning. NOKUT set høge krav til kvalitet i utdanningane og drifta av fagskulane, og dette gjer at det er viktig med eit tydeleg skilje mellom fagskuledrift og drift av vidaregåande skule. Dette er også i tråd med signal og innspel som er kome gjennom *NOU 2014: 14 Fagskolen – et attraktivt utdanningsvalg*, og den komande stortingsmeldinga om fagskular som vil leggja stor vekt på tydeleg leiing og kvalitet i fagskulen.

Ved ei eventuell flytting av Fagskolen i Hordaland til Laksevåg vil Hordaland fagskulestyre framheva kor viktig det er at fagskulen vert gjeven eit eige bygg, der skulen tydeleg får stå fram som ein utdanningsinstitusjon på nivået over vidaregåande skule. Fagskulen skal tiltrekkja seg vaksne studentar frå heile landet som skal bli ein del av eit aktivt studiemiljø på fagskulen og i studiebyen Bergen. Vidare er det viktig at dimensjoneringa av eit framtidig bygg for Fagskolen i Hordaland tek høgde for ein framtidig vekst. Det er stor søking til fagskulen i dag, samstundes som det vert tilrådd i *NOU 2014: 14* at talet på fagskular bør reduserast. Dette vil i så fall føra til ein større konsentrasjon av studentar ved dei einskilde fagskulane, og med tanke på at Hordaland er størst på offentleg fagskule vil dette kunna bety enda større søking. I tillegg vert det både frå NHO og LO peika på at det er stor trong for meir fagskulekompetanse i samfunnet.

Hordaland fagskulestyre vil vidare be om ei avklaring i høve til flytteprosess med tanke på tidsperspektiv, og korleis Fylkestinget ser føre seg at den nye Fagskolen i Hordaland skal etablerast på Laksevåg. Til slutt vil fagskulestyret trekkja fram at det er positivt at eit nytt bygg for Fagskolen i Hordaland no vert teke med i investeringsplanen til Hordaland fylkeskommune.